

Fråsegn om innlemming av EU sin 3. energimarknadspakke i norsk lov

Regjeringa har fremma 3 proposisjonar for Stortinget om innlemming av EU sin tredje marknadsspakke for energi. EU vedtok dette lovverket i 2009.

Eit av dei mest kontroversielle tiltaka i lovverket er Noreg si deltaking i det europeiske energibyrået ACER. Det er regulatorane som sit i ACER, altså NVE frå Norge. NVE får delta i ACER, men får ikkje stemmerett. Reint formelt er det EFTA sitt overvakingsorgan ESA som skal bestemme om norsk implementering av ACER sine avgjerder. Det er likevel på det reine at dette vil være likelydande avgjerder som ACER tek. ESA er en del av EFTA-strukturen, og har som formål å sørge for at EØS-landa følg sine forpliktingar.

Ei sentralisering av avgjerder om energi over landegrensar, og at Noreg skal avgje suverenitet til EU sitt energibyrå ACER via overvakingsorganet ESA, er ei usikker retning for norsk energipolitikk. Medan dagens samarbeid er rådgjevande, skal ACER fatte bindande fleirtalsvedtak. Det er også høgst usikkert korleis dette vil påverke energiprisen og tilgang til energi. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at regulatorisk mynde og styringsrett fortsatt må ligge hos NVE og Statnett.

Forslaget om ny reguleringsmyndighet for energi (RME) vil bli ein heilt ny statsforfatningsmessig konstruksjon, og noko vi ikkje har hatt tilsvarande av i Norge i fredstid sidan 1905. Ei slik reguleringsmyndighet, vil stride mot Grunnlova sine prinsipp. Med regjeringa sine forslag og tilslutning til ACER vil norsk energi bli ein del av EU sin energimarknad og energi vil bli "den femte fridom". Ei slik endring vil venteleg gje langt høgare strømpriser i Noreg, og dette vil ramme mange samfunnssektorer, ikkje minst kraftforedlende industri, som med låge energiprisar har hatt eit viktig fortrinn, og betydd mykje for å bygge opp landet sitt næringsliv og velferd.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at Noreg framleis skal ha full sjølvråderett og styring med kraftressursane, og vi ber Stortinget sørge for at dette vert gjeldande i framtida også.